



EID KOMMUNE

Møtebok

BARNE- OG FAMILIEDEP.	KASS ÅR.
ARKIVNR.: 330.01	
- 7 NOV 2005	
SAKSBEH:	SIGN.:
SAKSNR.: 2005/03580	

-095

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Oppvekst- og kulturstyret	18.10.2005	045/05	HSK

Avgjerd av:	Arkiv: A1	Arkivsaknr
Saksansv.: Haakon Skjerdal	Objekt:	05/1289

Høyring - forslag til revidert rammeplan for barnehagen

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.09.2005	Det konglege barne og familiedepartementet	Høyring - forslag til revidert rammeplan for barnehagen
2	U	27.09.2005	Barnehagane i Eid	Høyring - forslag til revidert rammeplan for barnehagen
3	I	12.10.2005	Barnehagestyrarane i Eid	Høyringsuttale frå tilsette i barnehagane i Eid kommune

Prenta vedlegg:

Forslag til revidert rammeplan for barnehagen
Høyringsfråsegn frå den kommunale høyringsgruppa

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Lov om barnehager (Barnehageloven)

Kva saka gjeld:

Ny barnehagelov trer i kraft 1. januar 2006. Forslag til revidert rammeplan er sendt ut på høyring til alle kommunar.

Ei kommunal høyringsgruppe har drøfta framlegget og levert høyringsfråsegn til kommunen.

Bakgrunn for saka:

Rammeplanen skal gje retningslinjer for innhald og oppgåver i barnehagen. Planen skal gje personalet i barnehagen, barnehageeigar og tilsynsmyndet ei forpliktande ramme for arbeidet. Rammeplanen skal også vere eit utgangspunkt for foreldra sitt høve til å kunne påverke innhaldet i barnehagen. For å gjere rammeplanen til eit meir føremålstenleg reiskap, er planen redusert frå rundt 130 til vel 20 sider. Dette har mellom anna vore muleg fordi fleire element i dagens rammeplan nå er tekne inn i den nye barnehagelova. Vidare er fag- og metodestoff fjerna.

Saksutgreiing:

Ny barnehagelov trer i kraft 1. januar 2006. Forslag til revidert rammeplan er sendt ut på høyring til alle kommunar. Planen er ei forskrift til barnehagelova, og skal tre i kraft samstundes med lova. Høyringsutkastet byggjer på rammeplanen frå 1995 og forslag frå ei arbeidsgruppe som leverte innstillinga si 5. juli 2005.

Ei kommunal høyringsgruppe, sett saman av styrarane i dei kommunale barnehagane og pedagogisk rettleiar for (familie)barnehagane, har drøfta framlegget slik dette ligg føre som vedlegg til saka, og levert høyringsfråsegn til kommunen.

Vurdering:


Dei sentrale prinsippa i gjeldande rammeplan er føreslegne vidareførte:

- Syn på barn og barndom, eit heilskapleg læringsomgrep og barnehagen si eigenart som arena for lek, omsorg, oppseding og læring.
- Planen understrekar barn sin rett til medverknad og barnehagen si plikt til å ta omsyn til det enkelte barnet sine føresetnader og behov.
- I høyringsframlegget vert det lagt vekt på å formulere tydelegare krav til dei tilsette i barnehagen for å sikre barn likeverdige barnehagetilbod av god kvalitet.
- Planen framhevar verdien av personalet sine etiske haldningar, kunnskap og dugleik i møte med barn.
- Planen ser det som viktig å vidareføre den faglege fridomen barnehagane har til å velje innhald og arbeidsmåtar innanfor rammene gjevne i lover, forskrifter og eigarar si lokale tilpassing.
- Planen er meir forpliktande på dokumentasjon og vurdering.
- Planen synleggjer at Noreg er eit fleirkulturelt land.
- Planen legg til rette for eit betre og meir forpliktande samarbeid med skulen.

Fråsegna frå den kommunale høyringsgruppa sluttar seg i all hovudsak til høyringsframlegget. Gruppa finn framlegget oversiktleg, strukturert og lettlest. Dei meiner òg det er positivt at ingen grupper er trekte ut for seg. Planen får eit meir inkluderande preg på denne måten.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eid kommune tek fråsegna frå den kommunale høyringsgruppa på framlegg til revidert rammeplan for barnehagen til etterretning, og sender fråsegna vidare til Barne- og familiedepartementet.

.....

Per Kr. Storevik
-rådmann-

045/05: Høyring - forslag til revidert rammeplan for barnehagen

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eid kommune tek fråsegna frå den kommunale høyringsgruppa på framlegg til revidert rammeplan for barnehagen til etterretning, og sender fråsegna vidare til Barne- og familiedepartementet.

18.10.2005 OPPVEKST- OG KULTURSTYRET

OK-045/05 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vedteken samrøystes.

Til Barne og Familie Departementet

Høyringsuttale frå Eid kommune vedkomande revidert rammeplan for barnehagen.

Kommentarane frå oss er i raud tekst.

1 Rammeplan for barnehagen

Ingen kommentar, alt greitt! Oversiktleg og strukturert.

Kapittel 1 Barnehagens oppgaver i samfunnet

1.1 Barnehagens overordnede oppgaver

Viktig og riktig – ingen kommentar.

1.2 Lovgrunnlag for retningslinjer om barnehagens oppgaver og innhold

OK – greitt at her er utdrag frå lova, og at ein ikkje berre viser til den.

Kapittel 2 Grunnleggende begreper og prinsipper

2.1 Barn og ungdom

Kort og godt.

2.2 Læring

OK

2.3 Barns medvirkning

OK. Bra at dette er komt med, vi vaksne har ansvar for å gjere dette innan rammer og sunn fornuft.

2.4 Samarbeid mellom heim og barnehage

Ok. Viktig å understreke openheit og tillit.

2.5 Arbeidsmåter og innhold

2.6 Fysisk miljø som fremmer alle barns utvikling

Dei tre siste linjene: "Dersom barnehagen ikkje har grøntarealer og naturområder." Bør ikkje vere med. Det er store krav til innhald og tilrettelegging, og dette kan verte ei kvilepute slik at ein slepp å gjere noko med dårlege fysiske tilhøve.

Det bør òg stå at nybygg bør ha stort nok og variert uteområde.

Kapittel 3 Barnehagens verdigrunnlag

3.1 Barnehagens formålsbestemmelse

Veldig greitt og vi er einige.

3.2 Barnehager med andre formålsbestemmelser

3.3 Fellesverdier

Ein rammeplan bør ikkje innehalde for mykje detaljar. Teksten kan strammast inn.

Kapittel 4 Omsorg og oppdragelse

Innleiinga kan kortast ned. Vi meiner mykje her er sjølv sagt og mykje er svært bra.

4.1 Inkluderande fellesskap med plass til det enkelte barn

4.2 Oppdragelse og omsorg i samiske barnehager

Kapittel 5 Lek og læring

5.1 Lek

5.2 Barnehagens læringsmiljø

Bra at krava til personalet er så tydelege og klare!

Eid kommune	
Dato: 13.05.2005	
Arkivkode:	A1
Sak nr.:	05/1289-3
L.nr.:	05/8229
Saksh.:	HSK

5.3 Læring gjennom hverdagsaktiviteter og sosialt samspill

Vi meiner omgrepet sosial kompetanse godt kan vidareførast i den reviderte planen.
"Namnet skjemmer ingen..."

5.4 Barnehagen som kulturarena

Kapittel 6 Barnehagens fagområder

6.1 Innledning

Siste setning: Det kan ikkje stå i årsplanen korleis ein tilpassar rammeplanen til enkeltbarn.

6.2 Språk, tekst og kommunikasjon

S. 21, "For å oppnå disse målene må personalet i barnehagen" – nest siste pkt. " – få den estetiske dimensjonen inn i hverdagslivet...": Denne setninga bør stoppast etter ordet "hverdagslivet".

6.3 Kropp, bevegelse og helse

6.4 Estetiske fagområder

6.5 Natur, miljø og teknikk

6.6 Etikk, religion og filosofi

6.7 Nærmiljø og samfunn

Kapittel 7 Planlegging, dokumentasjon og vurdering

7.1 Planlegging

7.2 Dokumentasjon som grunnlag for refleksjon og læring

7.3 Vurdering av barnehagens arbeid

7.4 Kommunens og eierens innsynsrett

Kapittel 8 Samarbeid

8.1 Innledning

8.2 Grunnskolen

Ein del unøvendige presisjonar, dette kan kortast ned!

8.3 Barneverntjenesten

8.4 Helsestasjonen

8.5 Den pedagogisk-psykologiske tjenesten

8.6 Utdanningsinstitusjoner

8.7 Sametinget

8.8 Andre samarbeidsparter

Vi meiner det tverretatlege samarbeidet bør forpliktast meir i dette kapittelet. Når helsestasjon eller barnevern eller andre brukar barnehage som eit tiltak for enkeltbarn, bør det forplikte til eit tverretatleg samarbeid.

Sluttkommentar: Det vi nemner er smådetaljar. Planen er oversiktleg, strukturert og lettlest. Det er bra at ingen grupper er trekt ut for seg (born under 3 år, minoritetsspråklege, funksjonshemma m. fl.)!

Med helsing

Tilsette i barnehagane i Eid kommune